



## Notat

Dato: 15.12.2014  
Arkivsak: 2014/24011-8  
Saksbehandlar: oleskau

---

**Til:** Sigrid Næsheim Bjercke

---

**Frå:** Ole Vegard Skauge

---

### **Bybanen til Fyllingsdalen. Oppstart av reguleringsplan og forslag til planprogram. Kulturminnefagleg notat.**

#### **Generelle innspel**

Som nemnd i planprogrammet skal det utarbeidast konsekvensutreiing for å sikre at omsynet til mellom anna kulturminne vert ivaretatt. Her er det viktig å vurdere tilhøve mellom moglege trasévalg og både kjende kulturminne og potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne, jf. kulturminnelova § 9.

#### **Innspel til planprogrammet**

##### *3.3 Sentrum til Fløen/ Møllendal*

Planområdet strekkjer seg inn mot den automatisk freda bykjernen, *Middelalderbyen Bergen - Askeladden* ID 89049. Dei har gjeve følgjande fråsegn, dagsett 11.12.14:

*«Så vidt Riksantikvarens kan se ut fra kartene som er lagt ved saken ligger planområdet utenfor avgrensningen av det automatisk fredete kulturminnet «Middelalderbyen Bergen» som er Riksantikvarens ansvarsområde.»*

Riksantikvaren er mynde for automatisk freda kulturminne, og planarbeidet vil krevje nytt fråsegn frå dei, dersom planområdet strekkjer seg inn i den automatisk freda bygrunnen.

Planarbeidet kan her få konsekvensar for kulturminne i Store Lungegårdsvann. Saka har difor vore sendt til Bergen Sjøfartsmuseum, som 9.12.14 gav følgjande fråsegn:

*«Museet har ikke fått vist alle skipsfunnene i Store Lungegårdsvann på Askeladden-registeret over Bergen. Dersom en trasé ut i Store Lungegårdsvann er aktuelt, vil museet varsle om at det i medhold av §§ 9, 10 og 14 vil vurdere nærmere en evt. utfylling i Store Lungegårdsvann i forhold til registrerte skipsfunn. Bakgrunnen er de skipsfunn som ble gjort i forbindelse med planer om utfylling av Store Lungegårdsvann med tunellmasser fra Ulriken-tunellen mot Indre Arna. Det er bare ett skipsfunn som er posisjonert i Askeladden-registeret. Museet avventer nærmere plassering av banetraseen i det videre planarbeidet.»*

Vi ber om at merknaden frå Bergen Sjøfartsmuseum vert teke omsyn til. Det bør utgreiast kva konsekvensar traséen vil få for Store Lungegårdsvann og marine kulturminne.

##### *3.4 Betjening av området rundt Haukeland universitetssykehus*

Planområdet går her inn i eit område der det vaks fram maktsete og kongsgard fram til mellomalderen, noko som vart grunnlaget for danninga av Bergen som by. Landskapet og kulturminna i det syner oss framleis denne historia. Mellom den naturlege hamna i Store Lungegårdsvann og vassdraget i Isdalen vart det på

den vide landskapsryggen på Årstad anlagt mektige høvdingsete som etterkvart vart kongsgard. Det er sannsynleg at tunet på den gamle kongsgarden låg på same terrasse som Alrekstad gard er lokalisert i dag (Askeladden ID 108724). Alrekstad er nemnd i kongesagaene til Snorre og var kongsgard fram til makta vart flytt til Holmen på 1100- og 1200-talet. Sjølve garden er truleg mykje eldre og strekk seg med stort sannsyn tilbake til folkevandingstida. Veggen mellom kongsgarden på Årstad og hamna i Store Lungegårdsvann heiter i dag Årstadgeilen. Årstadgeilen er eit av dei eldste vegfara i Bergen.

Denne heilskapen frå Årstad og ut i Store Lungegårdsvann har nasjonal verdi, og det er avgjerande for kulturminnemyndet at denne vert bevart og får ein god situasjon i framtida. Ein bør freiste å minimere vesentleg negative konsekvensar for denne heilskapen gjennom å gje forminga av traséen særleg merksemd her.

Det er ei rekke lokalitetar av automatisk freda kulturminne på land og i sjø i planområdet her, og det er stort potensiale for funn av automatisk freda kulturminne på land og i sjø. Langs Årstadgeilen er det kjend fleire automatisk freda kulturminne, mellom anna ein fjerna langhaug frå jernalder som indikerer at faret er gammalt (Askeladden ID 113866). I tillegg er det påvist fleire fasar av forhistorisk jordbruk langs geilen (Askeladden ID 95908, 91312, 91314, 94777 og 115911). Det ligg ein kjend gravhaug frå jernalderen i hagen til Fløenbakken 41 (Askeladden ID 113867). Ved Statsarkivet er det påvist massiv busetjing i form av langhus frå jernalder og dokumenterte jordbruksspor tilbake til omlag 1670 f.Kr, som svarar til eldre bronsealder (Askeladden ID 99500). Nokre hundre meter mot sør, ved Haraldsplass sykehus, er det påvist bygningskonstruksjonar frå førromersk jernalder (Askeladden ID 104249). Vegfaret langs Fløenbakken var tidleg ein hovudveg mellom byen og Fana, og var ein del av postvegen til Stavanger.

Vi vil vurdere krav om arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. §9 i kulturminnelova, når planområdet vert nærare bestemt. Dette gjeld særleg for variant C.

Haukeland universitetssykehus er eit viktig målpunkt i arbeidet, og det er framlagt 3 alternativ for plassering av haldeplass. Planarbeidet må reflektere og ta omsyn til at store deler av Haukeland Universitetssykehus er verna i verneklasse 1 og 2 i *Landsverneplan for helsesektoren*: Askeladden ID 148695, lokalitet 1-13.

Riksantikvaren er rett mynde for dei delane av Haukeland Universitetssykehus som er freda og oppført i verneklasse 1: Askeladden ID 148695 – 1 og 2. Riksantikvaren gav 17.12.14 følgjande fråsegn til planarbeidet:

«To bygninger tilhørende Haukeland sykehus ble imidlertid fredet ved forskrift gjennom landsverneplanen for Helse- og omsorgsdepartementet som ble vedtatt 16.02.12. Fredningen omfatter Sentralkjøkkenet/kantinen fra 1966 som ligger innenfor planavgrensningen, og isolatbygningen fra 1912 («H-bygget») som ligger utenfor. De fredete bygningene må sikres i planen.»

Merknaden frå Riksantikvaren må takast omsyn til, ved at dei to bygningane vert regulert til omsynssone bevaring etter § 11-8 i plan- og bygningslova av 25.6.2010. Kartfestinga må reflektere utstrekninga av vernet av eigedomane slik *Landsverneplanen for Helsesektoren* viser. Reguleringsføresegnene må reflektere at tiltak som strekkjer seg lengre enn ordinært vedlikehald krev dispensasjon etter kulturminnelova § 15a.

For bygningar og anlegg i Landsverneplan verneklasse 2 er Hordaland fylkeskommune rett mynde. I denne saka gjeld dette dei objekta som er gjeve Askeladden ID 158695 – 3 til 13. Eigedomar i Verneklasse 2 bør regulerast til omsynssone bevaring c) etter § 11-8 i plan- og bygningslova av 25.6.2010. Kartfestinga må reflektere utstrekninga av vernet gjeve i *Landsverneplan for Helsesektoren* for kvar enkelt eigedom, og planføresegnene etter § 12-7 i plan- og bygningslova må reflektere føremålet med vernet av eigedomane slik det kjem til uttrykk i *Landsverneplan for helsesektoren* for dei einskilde eigedomane.

«Det hvite hus» er i høyringsforslaget til *Landsverneplan for Helsesektoren* vurdert som fredningsverdig. Dette gjeld bygningen sitt eksteriør med trappeanlegg og hage mot vest. Eigedom på gnr. 161 bnr. 15 vart til slutt ikkje omfatta av det endelege vedtaket av *Landsverneplanen for helsesektoren*. Den vart istaden

vedteke flytta til ein anna stad i reguleringsplan *Haukeland Universitetssykehus nord*, plan id 19930500, jf. reguleringsføresegner § 1.5.2 og 1.5.3:

*«1.5.2 "Det hvite hus" skal flyttes til område S2.  
Flyttingen skal skje i samråd med aktuell kulturminnemyndighet*

*1.5.3 Det skal foreligge godkjent antikvarisk dokumentasjon av bygninger og anlegg før rivingstillatelse kan gis.»*

Vi viser til vedtak i Bergen kommune, sak 194-08:

«I medhold av plan- og bygningslovens § 27-2 nr. 1 vedtas følgende forslag til vesentlig reguleringsendring:  
-Bergenhus, gnr 161, bnr. 15, gnr 163, bnr 85 m.fl. Haukeland, Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling. Plannummer 11930500, vist på plankart sist datert 30.07.08.  
-Tilhørende bestemmelser datert / revidert 30.07.08  
med følgende endring:  
-Ny ordlyd § 2.3.1: *S2 er spesialområde for bevaring av bygning. Eksisterende brakke, som i dag huser Diabetessenteret, skal rives for å gi plass til "Det hvite hus".*

Dersom alternativ C vert lagt til grunn som traséalternativ bør ein samkøyre utbygginga av Bybanen med flyttinga av «Det Hvite Hus» i form av rekkefølgekav, og det gjenstående hagearealet på gnr. 161 bnr. 15 bør takast omsyn til i planarbeidet. Det viktig at hus og resterande grøntanlegg som historieforteljande element, framleis er knytt til kvarandre etter flyttinga av huset.

Årstad kirkested er listeført med Askeladden ID 85983. Hordaland fylkeskommune er rett mynde for kyrkja sine omgjevnader.

Det er trengt mellom sjukehuset og Møllendal kirkegård, som i høve til våre interesser er den viktigaste kyrkjegarden på Vestlandet som ikkje er knytt til ei soknekyrkje, og som har høg regional kulturminneverdi. Det er viktig at Møllendal kirkegård ikkje får vesentleg negativ konsekvens av planarbeidet dersom ein fører banetraséen fram her.

Når traséen kjem ut att i Ibsens gate kjem ein inn i eit bystrøk med villaer omkransa av hagar, og like ved den tiltenkte tunnelopninga ligg Årstad telefonsentral, eit kulturminne av regional verdi, teikna av arkitekt Per Grieg og oppført i 1929. Telefonsentralen bør ikkje råkast av traséen, og behalde sin prominente plassering.

Alle dei tre traséalternativa kan kome i konflikt med viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser i dette området, og ein bør gje utforminga av traséen spesiell merksemd her. Det kan tene prosessen om ein går i dialog med kulturminnemyndet for å rydde potensielle konfliktpunkt av vegen i ein tidlig fase, eller dersom ein ser potensiale for konflikt med nasjonale kulturminneinteresser som nemnt ovafor. Dersom traséforslaget vil få vesentleg negativ konsekvens for viktige regionale og nasjonale kulturminneinteresser som er nemnt ovafor kan Hordaland fylkeskommune vurdere å fremje motsegn, jf. rundskriv H-214 § 2.3.2.

### *3.7.3 Via Fjøsanger til Oasen*

Dersom alternativet med trasé til Fjøsanger vert lagt til grunn må ein tidlig kartlegge og ta omsyn til at her er fleire kulturminne som er freda eller har nasjonal kulturminneverdi, i samspel med store grøntareal og rekreasjonsareal i det tronge landskapsrommet.

### *3.8 Bydelssenteret Oasen*

Dette området i Fyllingsdalen har stadvis arkitektoniske og byplanmessige kvalitetar som er tidstypiske, og som planarbeidet i tilstrekkeleg grad bør kartlegge og reflektere. Dersom planarbeidet kjem i konflikt med desse ber vi om at ein ser etter gode løysingar.